

VAKSDAL






**PÅ GULL GRUNN
TRE OPPRETTE
SVARTE SKYTLAR**

Våpenet er godkjent ved kronprinsreg. res. 16.11.1990 og er teikna av Charles Lunde, etter idé av Edgar Eriksen. Industri er hovudnærings i kommunen og skytlane viser til at også vevindustrien hadde sin bastion i kommunen, representert ved tidlegare Dale Fabrikker. Kommunen nyttar fra 1961 eit kommunemerke med eit industrihjul under ein sporre.

Før 1853 høyrde nokre få av gardane i VAKSDAL heime i Mjelde skipreide, medan resten var delt mellom Arna, Hosanger og Vatsvern skipreider (R433). Vatsvern høyrde elles til Hardanger og Voss sorenkskrivardømme til 1773. Då vart det overført til Nordhordland. Bruvik kommune frå 1870 omfatta i hovudsak det området som er dagens Vaksdal, med tillegg av gardane i Eksingedalen.

Kjem du langs E16 frå Bergen mot Dale i dag, så kjører du heile vegen innanfor det området som høyrde til Arna skipreide i mellomalderen. Her opplever du fjordlandskapet på sitt bratteste og trongaste. Det er mest som ein portal opnar seg når du rundar svingen og kjem inn til Dalegarden. Det brattlendte landskapet held fram innover mot Straume og Stamnes. Vegen frå Stamnes til Eidslandet, som opna den fem mil lange Eksingedalen for omverda, er bygd med handemakt – eit teknisk meisterverk. Vi ser den naturgjevne samanhengen i at Eksingedalen tidlegare høyrde i hop med nabodalføret Modalen. Før vegen og bilen kom var dette den kortaste byvegen: over fjellet til Modalen, ut Mofjorden og Osterfjorden til fjordungskyrkja på Hamre og til Bergen. □



Sitjenøter og laksegiljer er framleis å sjå i kulturlandskapet i dei indre nordhordlandsbygdene. Laksefiske har vore ei viktig attåtnærings i desse bygdene.

VAKSDAL MØLLE

Etter industrialismens sitt gjennombrot i siste halvdel av 1800-talet, investerte flere av dei kapitalsterke herrane i Bergen i mølleanlegg. Vaksdal Mølle, etablert ved Gerd Meyer i 1870-åra, var i mange år den største mølla i Skandinavia med unike tekniske innretningar. Kring mølla utvikla Vaksdal seg til ein tettstad, med arbeidar- og funksjonær bustader, ny kyrkje og alt som høyrde til. Vaksdal Mølle er eit fascinerande industrianlegg med bygninger av eldre og nyare dato.



R433 VAKSDAL

Vaksdal går attende på gno. Vågsdalr og tyder «dalen ved vågen». Stamnes med den eldre uttalen «Stabbnæs» har gno. stafn «(skip)sstamn» eller gno. staffr «stav» som førsteledd, nyttar om framstikkande eller bratt lende. Førsteleddet i Toskedal er taske «pose, pung», truleg med bakgrunn i elva eller vatnet. Gammersvik er usikkert, mogeleg er førsteleddet eit gammalt personnamn. Det gammalnorske ordet gullbrå som må liggja til grunn for Gullbrå førekjem som personilnamn, men det er uvisst korleis ein skal forstå stednamnet. Enklare er Lavik og Høvik, der førsteledda er lad «stabel» og høy «turka gras». Veafjorden er laga til gardsnamnet Veo, av gno. vé «heilagdom». Førsteleddet i Kallestad har truleg samanheng med kalla «ropa».